

Til sogelagsmedlemmer!

Suldal sogelag innbyr medlemmer og andre historie interesserte å reisa på busstur med Suldalsbussen til Vestnorsk utvandarsenter i Alversund.

Me startar på Sand om morgonen laurdag 25.april og plukkar opp folk undervegs i dalføret oppover til Nes før me kjører vidare til Jondal og tek ferja over til Tørvikbygd. Vidare går turen innom gardsmuseet på Håkonshaugen i Seim. Etter middag og overnatting på Westland hotell får me neste dag omvising på Vestnorsk utvandarsenter.



Vestnorsk utvandringssenter er ein ekte norskamerikansk prærielandsby, som er flytta frå USA til Sletta på Radøy. Alle bygningane er reiste av norskamerikanarar i Minnesota og Dakota i perioden frå 1860–1920, der dei var i bruk i mange år. Tidene endra seg, og mot slutten av 1900-talet stod bygningane tomme. Så vart dei gjevne som gåver tilbake til Noreg.

På Utvandringssenteret får publikum lære om korleis det var for norske emigrantar som innvandra til Amerika, samstundes som vi trekk parallellar til kulturmøte i vår tid. Arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre innvandrarar som kjem til vårt land, har med seg delar av sin kultur og tilpassar seg vårt samfunn.

Bygningane på Sletta vart plukka frå kvarandre på dugnad og sende med skip over Atlanteren, der dei vart reist opp att på Sletta, og frivillig bygde opp Utvandringssenteret.

Heimreisa vert over Stord og me kjem til Sand i kveldinga søndag 26.april.

Busstur, middag og overnatting i dobbeltrom på Westland hotell. Pris 4200 kr for medlem, 4500 kr for ikkje-medlem. Tillegg for enkeltrom 450 kr.

Bindande påmelding til Tor Inge Havrevoll

tor.inge.havrevoll@gmail.com eller sms til telefon 91 63 87 63

innan 19.februar.

Atterhald om nok påmelde. (Dersom det vert god påmelding kan prisen bli redusert)

